# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 3 — MAI 1980
13. årgang



**Konfirmasjon i Arna 4. og 11. mai**

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA
Utgjevar: Sokneråda i Arna.
Redaksjonsnemnd: Bjørg Hellesøy, Målfrid Sandvik, Harald Sundsbø.
Hellesøy, Målfrid Sandvik.
Forretningsførar: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna, tlf.: 24 14 47.
Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.
Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

# ARNA PRESTEGJELD

**Prestekontoret Indre Arna:** Tlf. 24 04 00.
Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10 - 11.30.
Torsdag kl. 17,30 - 19.00.
**Prestekontoret Ytre Arna:** Tlf. 24 13 25.
Kan treffes etter avtale
Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:
Sokneprest Øyvind Øy, Vollav. 31, Indre Arna. tlf. 24 02 72 .
Res.kap. Harald Sundbø, Gamlevegen 8, Ytre Arna, tlf. 241325
Kateket Målfrid Sandvik, Arhaugen 8, Indre Arna, tlf. 24 23 10
Kateket Harald Haugsvær, Lone. Tlf. 24 08 15.
Fung. klokkar Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland. Tlf. 24 01 17.
Klokkar Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.
Organist Paul Leithaug, Birkeveien 47B, Landås
Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.
Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna.
Tlf. 24 09 65.
Kan treffast på tlf.: 24 09 65 tysdag og torsdag
kl. 17.00-18.00 og onsdag og fredag kl. 10.00-11.00.
Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.
Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, 5260 Indre Arna.
Kontortid måndag - fredag 10-11. tlf. 24 05 69.
Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland.
Tlf.: 24 01 17.
Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna.
Tlf. 24 13 10.



# *Vår storhet — Vår fornedrelse — Vårt håp*

### Vår storhet

*Vi er ------*
*— skapt av Gud*
*— skapt i Guds bilde*
*— skapt lite ringere enn Gud*
*— skapt til å tjene Gud*

*(1. Mos. 1)*

### Vår fornedrelse

*Men på tross av dette er vi ------*
*— alle kommet på avveier*
*— alle syndere*
*— alle på flukt fra Gud*
*— alle skyldige til straff og død*

*(Rom. 3)*

### Vårt håp

*Gud viste sin kjærlighet til oss ved å sende sin sønn Jesus, ikke for å dømme oss, men for at vi skulle bli frelst ved ham. Jesus vil ------*
*— vise oss vår synd*
*— fri oss fra vår synd, så vi slipper straff og død*
*— gi oss del i det evige liv*
*— gi oss hjelp til å leve rett*

*(Joh. 3)*

*Hva vil du gjøre med Jesus?*
*Jesus vil gi deg sine gaver hvis du ber ham om det!*
*«Alle som tok imot ham, dem gav han rett til å bli Guds barn — de som tror på hans navn».*

*(Joh. 1,12)*

**Ove Skjoldal**

**Framsida:** Ein del av konfirmantane i Arna 1979.

*For første gong i Arna:*

# Årsfest i Kyrkjelyden

Det var verkeleg ein festleg kveld vi fekk ha saman vi som møtte fram i Arna Bedehus søndag den 13. april. Både stor- og småsalen var nære på full, vi var vel 150 personar samla.

Gunnar Kaaresen, festleiaren, starta med å minna oss på kor stort det er at vi som kyrkjelyd kan koma saman på dette viset og føla samkjensle og prisa Gud.

Vi song så fleire lovsongar saman før kyrkjekoret song og Paul Leithaug, organisten, spela for oss.

Olav Hesjedal las opp årsmelding og Dagfinn Boge rekeskap for 1979. Desse meldingane, saman med meldingar frå dei ymse arbeidslaga hadde blitt prenta og vart delt ut før opplesinga.

Etter matøkt med livleg prat rundt borda, heldt sokneprest Ragnar Gunnestad festtalen. Han snakka på ein utradisjonell og særs talande måte om Guds allmakt og Guds kjærleik. Mange tykkjer det er vanskeleg å tru at Gud er allmektig og kjærleg når ein ser kva som skjer rundt oss av vonde ting. Gunnestad gav oss fleire døme på korleis Gud har fremma sitt verk gjennom personar og hendingar, der vi menneskeleg sett ikkje alltid har skjøna kvifor og korleis ting kunne skje. Gud brukar si allmakt og sin kjærleik til å nå fram til kvart einskilt menneske. Det er fantastisk å leva under desse perspektiva. Men -- Gud vil sleppa allmakta og kjærleiken laus etter **sine** premissar.

Leiarane for dei ymse arbeidslaga som er knytte til kyrkjelyden kom etter dette fram og fortalde frå arbeidet i laget. Her var det nok ein del interessant nytt å høyra for dei fleste. La oss be om at det arbeidet vi driv er etter Guds vilje, og at leiarane føler dei har Guds kraft og glede i arbeidet.

Vi fekk så sjå og høyra nokre av medlemene i Treffen og Ten Sing i aksjon. Kjerstin Fjelltveit leia oss i allsong, og ho song og solo for oss. Treffen-medlemane hadde eit par sketsjar som fekk smilebanda på gli.

Kyrkjekoret song for oss igjen, og så heldt Anne Margrethe Johnsen ein fin appell. Ho minna oss på det gode vitnesbyrdet som blei gitt dei fyrste kristne: «Sjå, kor dei elskar hverandre». Det må vera ein bøn for oss i Arna at vi må ha sann kjærleik til kvarandre og føla at vi høyrer saman i trua på Jesus Kristus.

Etter jubelsongen «Deg være ære, Herre over dødens makt», gjekk vi frå kvarandre etter ein rik kveld.

**Marit Gilje**



*Presten har ordet*



**Øyvind Øy**

## Arbeidsfordeling mellom prestane

Kyrkjelydane i Arna har fått to nye prestar på mindre enn eitt år. Vi vil prøve så langt råd er å gå inn i det arbeidet som er lagt til rette av dei som har gjort teneste før oss, og vi vil støtte opp under dei mange som gjer eit trufast arbeid frå år til år rundt i kyrkjelydane.

Samstundes er det naturleg for oss å prøve å vurdere vår arbeidssituasjon og dei oppgåvene som ligg framfor oss. Dersom dette vil føre til merkbare endringar i arbeidet i kyrkjelydane, vil vi orientere om det i kyrkjebladet slik at folk kan vere kjende med det.

Denne gongen vil eg nemne ei sak som har vore drøfta ein del tidlegare, og som gjeld arbeidsfordelingane mellom prestane. Vi prøver no å ordne arbeidet slik at prestane har kvar si tenesteveke. Den presten som har tenesteveke, har då alle kyrkjelege handlingane i begge kyrkjelydane den veka. Til vanleg vil den som har gudsteneste i Arnakyrkja, ha tenestene i veka etter.

Vi trur dette vil gje ei betre arbeidsfordeling mellom prestane og føre til at prestane vert betre kjende i begge kyrkjelydane. Vi har dette som ei prøveordning frametter, og ordninga er ikkje endeleg fastlagd før ho er godkjend av biskopen.

## Gudstenester på Haukeland?

Soknerådet har fått skriv frå ei initiativgruppe i Haukelandsområdet med spørsmål om det er mogeleg å få til regelmessige gudstenester i området. Dette er ei gamal sak som no vert teken fram på nytt.

Soknerådet handsama saka på siste møte og vedtok då å kalle inn ein del personar i området for å drøfte saka vidare.

Soknerådet såg positivt på initiativet og vi vonar no at denne saka kan finne ei tenleg løysing.

## Leiarsamling i Arna kyrkjelyd

Arna sokneråd vedtok på siste møte å kalle inn til ei leiarsamling for kyrkjelyden den 20. mai. Der vil ein ta for seg arbeidet i kyrkjelyden på grunnlag av dei årsmeldingane som dei ulike arbeidslaga under soknerådet har lagt fram. På grunnlag av desse vil ein vurdere arbeidet og prøve å finne fram til korleis arbeidet skal leggast opp i komande arbeidsår.

Oppsynsmennene for kyrkjegardane:

# Folk i Arna flinke til å stella gravene men mange gravstøtter er lause



*Frå v. Dalseth, Stein, Århus.*

Kyrkjelydsbladet har denne gongen teke ein liten prat med dei som arbeider på gravplassane i Arna. Det er Emil Dalseth, Johan Stein og Sigstein Århus. Akkurat i denne tida gjer våren sitt inntog, og dei kan fortelja at telen i jorda kvart år gjer at mange av gravstøttene losnar frå fundamenta. Kva skal så gjerast med det — vil vi gjerne vita.

— Ja, mange trur at det er vi som arbeider på kyrkjegarden som skal festa dei. Men det er det ikkje. Det må dei som steller gravene ordna med. Og om dei no synest ikkje dei kan gjera det sjølv, må dei kontakta eit steinhoggeri.

Men er det så viktig då?

— Ja, det har vore uhell der folk har kome til skade p.g.a. lause gravsteinar. Vår oppgåve er eigentleg å leggja ned lause steinar, for å vera sikra mot det. Men det er vel slik at mange ikkje har visst om at dei har ansvaret for at steinane står faste.

— Ellers synest vi folk stort sett er flinke til å stella gravene, kjem det får alle tre. — Men er det nokon som treng hjelp til det, kan vi gjera det for dei. Då må ein betala ei avgift til kommunen.

Nærare opplysningar om det kan ein få ved å ta kontakt med oss på det telefonnummeret som står på side 2 i kyrkjelydsbladet.

Så kan det også vera nokon som synest dei ikkje kan stella ei grav lenger. Då er det høve til å få grava sletta, og det kan me og ordna.

— Elles kjem det stundom spørsmål til oss om gravleggjing på den gamle kyrkjegarden ved kyrkja. Det er der avsett eit urnefelt, og ein har også høve til å setja ned urner i gamle graver. Gravlegging er no — som vel alle veit — på Mjeldheim på den nye gravplassen der.

---

# Skal du på leir i sumar?

Sommaren er leirtid. Hundrevis av born og unge reiser på leir. Det vil føre for langt å ta med alle dei leirtilbod som er, men dei som ynskjer nærare orientering kan vende seg til Arna kyrkjekontor, telef. 24 04 00.



La konfirmasjonstida bli eit:

# JA TIL JESUS!

Konfirmasjonsåret 1979/80 er snart slutt. Konfirmasjonen nærmar seg, og rundt om i over 200 heimar i Arna førebur ein den store dagen. Også i kyrkja er førebuingane i full gang.

Bladet har ein prat med kateket Målfrid Sandvik. Og då spør vi like godt med ein gong: — Kva er konfirmasjon — og kvifor har vi det?

— Når folk flest snakkar om konfirmasjon, meiner ein først og fremst konfirmasjonsgudstenesta i kyrkja, gjerne med familieselskap etterpå. Men eg vil gjerne seia det slik: Denne gudstenesta er ei høgtidsam avslutning på konfirmasjonstida som tok til i september. Og vi prøver å understreka for konfirmantane at det er konfirmasjonstida som er det viktigaste. Konfirmasjonen er ein viktig del av kyrkja si undervisning. Vårt ynskje er at dei unge gjennom denne tida må få læra Jesus betre å kjenna, og vilja leva saman med han.

— Men no er det sjølve konfirmasjonsdagen ein særleg er oppteken med. Kva er det som går føre seg då?

— Som eg sa er dette ei høgtidsgudsteneste, og det skal vera høgtid for konfirmanten og familien. Sjølve konfirmasjonshandlinga er ei velsigningshandling, og kyrkja si forbøn for den einskilde konfirmant.

Konfirmasjonsdagen møter konfirmanten med eit særskilt høve og kall til å stadfesta eller venda tilbake til dåpspakta. Enkelt kan vi seia at konfirmasjonen er eit kall til å seia JA til Jesus. Når presten legg handa på hovudet til konfirmanten, fortel det oss at Gud er nær. Dette vil eg gjerne at vi tenkjer på.



*Kateket Målfrid Sandvik*

— Har du elles noko spesielt ynskje for konfirmasjonsdagen?

— Eg ynskjer for konfirmanten sjølv, foreldra og familien elles, at dette må verta ein fin og god dag.

På førehand er det nok spaning rundt dette. Og sjølv når konfirmanten er komen i kyrkja, vil det kanskje vera vanskeleg å samla tankane. Det kan komma tvil og rare kjensler. Men eg vil gjerne seia til deg som er konfirmant: Gud kjenner deg og veit om alt. Han er glad i deg, og tar imot deg når du kjem. Gud er der med sitt kall. Du slepp å svara høgt, men du skal få lov å be ei stille bøn inne i deg.

Og Jesus seier: «Den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort». (Joh. 6.37).

Det gjeld oss alle. Lukke til!

# Konfirmasjon i Arna 1980

**Arna sokn:**

**Søndag 4. mai kl. 10.00:**

Dagfinn Andersen
Helge Corneliussen
Olav Geir Dagestad
Gunnar Ove Eide
Henning Eri
Eivind André Gunby
Øivind Heggli
Bjørn Roald Husøy
Nils Helge Haaland
Tommy Johansen
John-Ivar Jordan
Magne Lauvås
Jan Petter Løvskar
John-Atle Mjelde
Tore Mjelde
Rune Monsen
Helge Nelson
Jan Erik Nordal
Leif Kenneth Oen
Jan Helge Oppedal
Trond Osvald Reigstad
Erik Skogen
Magne Steffensen
Ketil Toska
Ronny Ådlandsvik
Anita Chruickshank
Monica Danielsen
Oddrun Erdal
Jannecke Erichsen
Siren Erichsen
Irene Hamre
Norunn Hansen
Kari Hodnelid
Nan Joon Indrevær
Jannicke Johnsen
Vibekke Kleivane
Bente Langhelle
Vigdis Lillefosse
Torill Myrdal
Birte Nordbø
Ingvild Rolland
Linda Vågenes

**Søndag 4. mai kl. 11.45:**

Knut Jarle Bertelsen
Kristian Blokhus
John Arne Drangevåg
Jan Asbjørn Eide
Svein Ove Espeland
Terje Gangstø
Ole Johan Gjerde
André Haugland
Bjørn-Harald Haugsvær
Svein Tore Havre
Svein-Tore Hekland
Terje Kleppe
Cato Knutsen
Roy Kenneth Kornelius-sen
Stig Kversøy
Ronny Legreid
Stig Lillejord
Kjell Rudi Marøy
Sturle Minde
Paul Mjelde
Per Kjetil Mjelde
Odd Kjartan Mæstad
Frank Ove Reigstad
Tore Riisnes
Magne Rygg
Ole Sivertsen
Åge Gunnar Taule
Harald Tverlid
Ragnar Martin Øgaard
Mariann Asserson
Brit-Lise Kvamme
Britt Ann Kåstad



Åse-Berit Minde
Irene Nesse
Oddfrid Nesse
Kate Karin Nævdal
Berit Rolfsen
Elisabeth Rygg
Ine Kristin Rødbotten
Irene Skjoldal
Jorunn Skjoldal
Inger-Marie Solhaug
Åse Wallem
Beate Wiktorin
Wenche Ytreland

**Søndag 11. mai kl. 10.00:**

Rune Akselberg
Oddvar Almelid
Johannes Lars Benevoli
Svein Ole Edland
Geir Erik Gundersen
Trond Gaarder
Tor Harald Hansen
Bjørn Heggem
Knut Heggem
Jonny Hesthammer
Steinar Hesthammer
Terje Holm
Johnny Ragnar Jakob-sen
Kjell Yngve Kallekleiv
Jan Roger Loftås
Per Ove Lohne
Rolf Lohne
Torgeir Markhus
Hans Tore Mjeldheim
Olav Mæland
Odd Magne Nilsen
Alf Rolland
Dag Henry Sjøstrøm
Atle Skeide
Bjarte Møllerup Solberg
Harald Stølås
Einar Sundland
Ivar Jonny Svardal
Finn Ove Søgnesand
Kjell-Magnus Værøy
Sigrunn Almelid
Tordis Margrethe Bøe
Jannike Fure
Gunn Beate Haukeland
Bente Heggem
Ingeborg Knutsen
Anne Britt Kreybu
Helge Gyrid Mjeldheim
Anita Reiersen
Birthe Elin Reknes
Marianne Rolland (Rol-land)
Eli Solberg
Unni Valestrand
Solveig Ystheim

**Søndag 11. mai kl. 12.15:**

Torstein Boge
Trond Borge
Gunnar Digranes
Per Arve Frøyen
Svein Erik Hjortland
Kjell Indrevær
Kurt Roar Olsen
Nils Romslo
Vidar Skulstad
Nils Gunnar Songstad
Hans Petter Stue
Geir Takvam
Svein-Morten Takvam
Irene Amundsen
Aina Margrethe Berg
Anne Marie Brusdal
Ragnhild Cesilie Garnes
Astrid Elisabeth Her-land
Oda Iversen
Kjersti Karlsen
Nina Larsen
Eva Lohne
Synnøve Magnussen
Rigmor Midttun
Bjørg Midtun
Hilde Marie Mortensen

Mona Elisabeth Nyheim
Marianne Rolland (Seimsv.)
Ruth-Anita Sandvik
Ingrid Selle
Unn Inger Sjurseth
Solveig Skulstad
Anita Sundal
Elin Takvam
Lillian Elin Thomsen
Hilde Tunes.

**Ytre Arna sokn.**

**Søndag 4. mai kl. 13.30 i Arna Kyrkje**

Øyvind Blindheim
Frank Robert Blomdal
Hans Bratli
Johan Eirik Brudvik
Svein Kåre Brunsvik
Kjell Fonn
Stig Lenhart Gaupås
Harald Inge Hana
Rune Hansen
Frank Loftås
Jens Inge Marthinussen
Lars Geir Mortensen

Arne Natås
Arne Revheim
Jan Ove Rivenes
Trond Songstad
Vegard Arne Storlid
Bjarte Sæbø
Frank Thunes
Geir Arve Vikne
Rune Aadland
Trond Magne Aass
Karina Helen Andreassen
Beate Gaulen
Anita Grinde
Marit Helen Haugland
Marianne Hydle
Kjerstin Lisbeth Kalsås
Janne Koppen
Torill Beate Mikkelsen
Lillian Mjelde
Elisabeth Natås
Erna Nævdal
Laila Pettersen
Tone Britt Rolland
Linda Skjoldal
Nina Strømsnes
Mariann Torvund
Aina Veseth
Ingrid Johanne Øksenberg

Kyrkja i Ytre Arna vart ikkje ferdig til konfirmasjonen, slik vi hadde rekna med. Difor vert konfirmantane derfrå konfirmert i Arna kyrkje sundag 4. mai kl. 13.30.

Den dagen vert det 3 konfirmasjonsgudstenester og tida mellom kvar gudsteneste er knapp. Difor kan truleg dei som skal vera med på dei siste gudstenestene, ikkje få plass i kyrkja før ca. 15 min. på førehand.

For å kunna avvikla trafikken godt, får ein ikkje nytta plassen framfor kyrkja til parkering, men parkerer ved jernbanen eller langs vegen.



# Familieside

**Døypte:**
**16/3-80:**
Thomas Stänicke, Trond Magnus Skulstad. Nina Merete Skarsten døypt i Landås Kirke. Døypt i Voss Kirke: Glenn Karsten Skjerve.
**22/3:**
Jannicke Berg, døypt i Åsane kirke.
**23/3:**
Pål Nybakk, Roger Johannessen, Margunn Lyhammer.
**30/3:**
Anette Tefre, John-Asle Stein, døypt i Åsane kirke.
**6/4:**
Øyvind Akselberg, Marit Thunes.

**Døde:**
**11/3:**
Hans Andreas Nordbø f. 1904.
**20/3:**
Johannes Bernhard Birkeland f. 1905.
**23/3:**
John Ringøy f. 1921.
**26/3:**
Arna Borge f. 1909
**31/3:**
Nils Herland f. 1899.

# Tur til Israel

I samarbeid med Globus Reisebyrå vert det i tida 15. - 28. oktober arrangert ein tur til Israel. Reiseleiarar vert sokneprest Øy og Olav Hesjedal.

Måndag 5. mai vert det eit informasjonsmøte på Arna Bedehus kl. 19.30. Fjellvang frå Globus vert med og viser lysbileter.

Nærare opplysningar får ein på møtet eller ved å kontakta Øy eller Hesjedal.

## Kyrkja i Ytre Arna

Det tok noko lenger tid enn planlagt å få den ferdig. Vi vonar no å kunna markera opninga ved gudstenesta 1. pinsedag, 25. mai. Då vil også domprost Monstad vera med.

## Gudstenester med dåp

I tida framover vert det vesentleg dåp i gudstenestene og helst då dei gudstenestene det ikkje er nattverd. For dei som ynskjer å ha dåp på ein kvardag, vert det gudsteneste lørdag den 21. juni kl. 17.00. Ellers vert det i sumar berre dåp i samband med høgmessene.




# VIKING

**norske dekk for norske forhold**

- Stål i beltet
- Bedre veigrep
- Motarbeider vannplaning
- Styrer sikkert
- Ruller lett
- Varer lenger
- Sparer bensin

Velkommen til:

**Arnatveit Auto Senter**
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40

**Selges kun gjennom godkjente forhandlere**
NOROL

*BANKEN I ARNA*
*frå 1866*
*til bygdefolket sitt beste*
*gjennom 114 år*

ARNA SPAREBANK
Samanslutta med Bergens Sparebank
*ein bank av godt merke*





**Solstrands Blomsterforretning**
Hollendergt. 4. tlf. 232050

**Solstrand Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11. tlf. 232050
Alltid til tjeneste

**VESTLANDSBANKEN**
Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN, avd. Arna**

**ALLE VET**

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

**KVERSØY BILFORRETNING**
ESPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp

*Kleiveland*

**5260 INDRE ARNA — TLF. 240496**

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 240808
Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørges oppsatt

## ESPELAND GARTNERI

Telefon 240809
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi





**— Assurandør —**

# OLAV A. HOVDEN

Er autorisert rådgiver i forsikring.
Han hjelper Dem med alt innen forsikring, finansiering, og leasing.
Ring, stikk innom eller send noen ord

**Storebrand Idun**
for sikkerhets skyld

Postboks 17 5260 Indre Arna
Telefon 241532 — Privat 280811

**Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning**
**Hugs at vi har laveste pris,**
**og det De kjøper her kan De få reparert her.**

## ARNA ELKJØP A/S

**Ytre Arna — telefon 241188**
**Arnatveit — telefon 241970**

**Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger**
**EL-KJØP**

*Blomar til alle høve!*

Vår spesialitet er dekorasjonsplanter
GARNES GARTNERI

Telfon 240101 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 241727.

# Velkomen til kyrkje

## Gudstenester i Arna Prestegjeld

1. mai **Ytre Arna kl. 10.** Familiegudsteneste ved res.kap. Sundsbø. Offer til Kristne Arbeideres forbund.

4. mai **Arne kl. 10.** Sokneprest Øy. Konfirmasjon. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.
**Arna kl. 11.45.** Sokneprest Øy. Konfirmasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
**Arna kl. 13.30.** Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Konfirmantane frå Ytre Arna. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

11. mai **Arna kl. 10.** Sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
**Arna kl. 12.15.** Sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
**Ytre Arna kl. 11.** Sigvald Storheim og Per Sæle. Offer til Det kvite band.

15. mai **Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. Barnevakt.
**Trengereid kapell kl. 11.** Sokneprest Øy. Nattverd.

17. mai **Arna kl. 11.** Festgudsteneste v/sokneprest Øy. Arna Kyrkjekor. Offer til Arna søndagsskulelag.
**Ytre Arna kl. 10.** Res.kap. Sundsbø. Festgudsteneste.

18. mai **Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Barnevakt.

25. mai **Arna kl. 11.** Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Offer til Nordhordlands Indremisjon.
**Ytre Arna kl. 11.** Høgtidsgudsteneste v/domprost Monstad og sokneprest Øy.

26. mai **Arna kl. 11.** Sokneprest Øy.
**Trengereid kapell kl. 11.** Res.kap. Sundsbø.

1. juni **Arna kl. 11.** Sokneprest Øy. Nattverd. Kyrkjekaffi. Barnevakt.
**Ytre Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

8. juni **Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Misjon bak jernteppet.
**Arna kl. 19.** Ungdomsgudsteneste. Nattverd.

15. juni **Arna kl. 11.** Sokneprest Øy. Barnevakt. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.
**Ytre Arna kl. 11.** Prost Stormark. Nattverd.
**Trengereid kapell kl. 11.** Res.kap. Sundsbø.